

# Kunnskap for lokal medverknad og mobilisering. Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009.

---

Dag Jørund Lønning, Nordlandsforskning

Håvard Teigen, Høgskulen i Lillehammer

## Innhald

Om å trekkja folk med i ei individuelt orientert tid.....	2
Frå avmakt til makt; mobilisering for positiv endring.....	3
Utviklingsrelevante norske bidrag .....	5
Kommunikativ planlegging .....	5
Innlevingsøkonomi: om å gje eldsjela rom.....	7
Fasar i ein mobiliseringsprosess .....	8
Oppsummering .....	10
Referansar.....	10

## Om studien

*Dette arbeidet er ein kunnskapsstudie vedrørande temaet lokal medverknad/mobilisering , då med hovudvekt på norske bidrag frå perioden 1999 – 2009 som er relevante for lokale og regionale samfunnsutviklingstiltak. Studien viser at mobiliseringsarbeid framleis er særskild viktig i nyskapande lokal samfunnsutvikling. I ei tid som i stadig større grad er prega av fokuset på og omsynet til individet, vert det likevel stilt nye krav til mobiliseringsprosessen: Medverknad kan i denne samanheng oppfattast meir som eit krav. Menneske ønskjer noko att – reell inn- og medverknad – for å gå inn som aktørar i lokale mobiliserings- og utviklingsprosessar.*

*I konkurransegrunnlaget for denne studien heiter det at "[m]edvirkning er en samlebetegnelse som handler om innbyggernes deltakelse, innflytelse og medbestemmelse i utviklingsprosesser". Omgrepet medverknad er likevel knappast operasjonalisert i forskingslitteraturen. Den gjennomgatte litteraturen gir såleis ikkje grunnlag for å skilja mobilisering og medverknad som to separate tema. Dei to heng tett saman i dei fleste utviklingsprosjekt, ettersom mobilisering har medverknad som mål og ein knappast kan rekna med særleg medverknad utan å ha mobilisert på førehand.*

*Det er viktig å understreka at dette arbeidet drøftar forskingsbaserte norske bidrag, og såleis ikkje nødvendigvis gjev noko uttømmende oversyn over dei mange erfaringar norske kommunar og grender måtte ha med mobiliseringsarbeid. Dei prosessane som i større og mindre grad utfaldar seg i alle kommunar som del av planprosessane knytt til t.d. Plan og Bygningslova er eit godt døme på mobiliseringsaktivitetar der ein treng meir kunnskap.*

*Oppdraget er gjennomført i løpet av fire vekeverk, og inkluderte også kunnskapsstudiar om omdømmebygging, tilflytting og stadutvikling. Utrekna har det såleis berre vore rom for om lag eit vekeverk på dette arbeidet. Oppdragsgjevar er Kompetansesenteret for Distriktsutvikling, og studien er gjennomført av dr. philos Dag Jørund Lønning, seniorforskar ved Nordlandsforskning og professor Håvard Teigen ved Høgskulen i Lillehammer. Lønning har gjennomgått den aktuelle litteraturen og skreve utkastet til rapporten, medan Teigen har kommentert og fylt ut undervegs.*

## **Om å trekkja folk med i ei individuelt orientert tid**

I Storingsmelding 25 (Kommunal og regionaldepartementet 2009) heiter det: ”Mobilisering av lokale eldsjeler, unge og frivillige organisasjonar har gjeve ny giv til mange stader. Dette kan vi ta lærdom av.”

Ein gjennomgang av litteraturen på feltet fortel oss likevel at det å mobilisera samtidsmennesket til felles handling medfører ei rad utfordringar. Me lever i ei samtid som feirar den individuelle fridomen. Denne har – i alle høve for mange av oss – ført til frigjering frå tidlegare svært så strikte sosiale og kulturelle normer, og slik sett også til nye grensesprengande opplevingar og sannkjenningar (Bauman 2000a, 2000b, 2001). Samstundes er denne fridomen *til* å gjera noko også ein potensiell fridom *frå* det same (Lønning 2007). Den postmoderne fridomen (ibid.) er ein ”Kardemommeby-fridom”: så lenge ein ikkje plagar andre, og er slik nokolunde grei og snill, ja då følgjer det og at ein har fridom til å gjera stort sett nett som ein vil..

Med andre ord; når eldsjela arbeider dag og natt for lokal utvikling og nysatsing, er det ingen som kan klandra naboen for at han eller ho trekkjer gardinene føre og held seg til dei amerikanske TV-seriane. Slik er logikken i den postmoderne fridomen: ”OK, så du er interessert i lokalt utviklingsarbeid? Vel, det er bra for deg, men for min del er eg ikkje så oppteken av det der, og ser heller på TV i fritida.” Denne typen logikk kan ein knappast protestera mot i dag. ”Fridomen til ikkje å la seg engasjera” er i utgangspunktet like absolutt.

”Mobilisering” handlar om å samlast rundt noko felles, og det er kan hende her den store utfordringa ligg når ein skal freista å nytta dette verktøyet i samtida. Amdam og Tangen (2006:12) definerer såleis ”mobiliseringsarbeid for å kunne utvikle kultur/haldningar lokalt knytt til å skape aktivitet i fellesskap” som eit særskilt viktig kunnskapsbehov for mange norske småsamfunn. Radikale sosiokulturelle og økonomiske endringar dei siste tiåra har gjort at fokus og sentral sosial måleining har vorte endra frå fellesskap til enkeltmenneske (Bauman 2000a, 2000b). Samstundes er institusjonar som ”dugnaden” og ”eldsjelene” like viktige for å skapa aktivitet rundt staden og lokalmiljøet. Likevel, for ”å bli mobilisert” i dag vil fleire truleg forlanga noko att, gjerne i form av reell medverknad og innverknad.

Mobiliseringsmetodikk for samtida synest å ha teke høgde for dette. Mobilisering er knappast definert som sjølvstendig mål, men meir som verktøy og metode for å oppnå noko meir konkret t.d. innanfor stadutvikling, idrettslag og/eller kulturliv. Omgrepet *medverknad*, som like gjerne vert nytta, er eit enno meir direkte uttrykk for den same utviklinga.

*Brukarmedverknad* er rommet for å gje brukaren av eit tilbod eller ei teneste rom og høve til å kunna vera med og skreddarsy denne til eigne behov og interesser. I høve viktige utviklingssatsingar er kommunane no – etter plan- og bygningslova – *pålagde* å trekkja inn ”brukarane” i prosessen (jmf. Vestby 2009).

I den forskingsbaserte litteraturen om mobiliseringsmetodikk er desse samfunnsendingane ivaretekne ved eit fokus på mobilisering som ein ikkje-lineær prosess med mange potensial for både regresjon, tilbakefall og demobilisering. Enkeltmennesket går lei, det er vanskeleg å planlegga for lang tid i førevegen, ein føler ikkje at ein sjølv vert høyr, osv. Dette er alle aktuelle fallgruver, som må takast omsyn til i modellutvikling.

Samstundes er det svært viktig at sentral innsikt frå mange år med internasjonalt mobiliseringsarbeid innanfor den såkalla ”empowerment”-tradisjonen vert teken med vidare. *Empowerment* handlar om å gje menneske og grupper som føler avmakt og handlingslamming overfor eigne liv og eiga framtid attende kjensla av meistring, og å synleggjera dei handlingsrom som faktisk til ei kvar tid finst.

Denne eksistensielle forståinga av tilhøvet mellom makt, avmakt og handling vil vera sentral i all form for mobilisering, også i dag. Ein kunnskapsstudie om mobilisering/medverknad vil heller ikkje vera ”fullstendig” utan å ta med nokre hovudidear frå kjende internasjonale tilnærmingar. Dette er såleis temaet for neste bolk. Vidare vil me gå tettare inn på nokre utviklingsrelevante norske bidrag og syna korleis mobilisering og medverknad framleis kan vera effektive samfunnsutviklingsverktøy, men då som del av kumulative utviklingsprosessar der mål vedvarande dannast i tett samråd med deltakarar. Mobiliseringsstrategiane (a) kommunikativ planlegging og (b) innlevingsøkonomi vil bli spesielt presenterte.

### **Frå avmakt til makt; mobilisering for positiv endring**

Mobilisering for lokal/samfunnsutvikling og bevisstgjerung er ein mykje nytta praksis internasjonalt. Kan hende den fremste proponenten for denne tradisjonen er Paulo Freire (2002) som med sin ”undertrykkes pedagogikk” etablerte kommunikative strategiar for å kunna gjera fattige og passive menneske medvitne om det handlingsrom og høve til å påverka eigen situasjon alle i røynda har. Sentralt i denne eksistensialistiske tilnærminga (Nyeng 2003, Sartre 2004) ligg fokuset på det å sitja i førarsetet – vera subjekt – i eige liv.

Viktige tema for Freire er kunnskap for situasjonsforståing og ansvar for eige liv. Det første er å avmaskera makttilhøve og synleggjera urettvise samfunnsrelasjonar, det andre er mennesket sitt sjølvstendige ansvar for å nytta eige handlingsrom til arbeidet for positiv endring. ”Eleven” skal følgjast opp i arbeidet med byggja opp identitet og sjølvrespekt, og møtast med både tillit og forventning (Nordland 2002). Målet er det kritiske men aktive mennesket som søkjer positiv endring og ny kunnskap *for* endring.

Freire si dialogiske tilnærming har hatt stor sprengkraft både politisk og metodisk i arbeidet med å ”løfta” dei undertrykte og/eller tause i samfunnet til aktiv og nyskapande handling. ”Community development” (Craig, Popple and Shaw 2008) og ”community empowerment” (Ledwith 2005, Thompson 2007) er båe mobiliseringsmodellar som er bygde på desse tankane. Slike tilnærmingar vert framleis aktivt nytta i lokal samfunnsutvikling både i Europa og resten av verda. Fokus ligg heile vegen på å gje menneske som kjenner seg makteslause i høve dei endringar og strukturar som formar liva deira kjensle av auka kontroll og påverknadskraft. Dersom ein lukkast med dette første heilt nødvendige steget, søker ein deretter å nytta denne auka sjølv- og maktkjensla i aktiv lokal handling og samfunnsbygging (Ledwith 2005). Lokal mobilisering for å sikra offentlege tilbod innanfor t.d. skule og helse, kan vera gode norske døme på bruk av denne typen mobiliseringsmetodikk.

Også *aksjonsforskingstradisjonen* har og teke opp i seg mykje av dette fokuset. Denne metoden byggjest opp som ein vekselverknad mellom situasjonsanalyse, definisjon av behov, og samskaping – mellom forskar og andre prosessdeltakarar – av relevant utviklingsorientert kunnskap.

*Aksjonsforsking* (AF), eller *action research* (AR) på engelsk, framstår i litteraturen som eit meir eller mindre einskapleg uttrykk. Ei rekkje bidrag er inne på at det må stillast rimeleg strikte krav til både definering og utøving av aksjonsforsking. Greenwood og Levin (1998) er døme på dette. Dei hevdar at både forsking, aksjon og brei deltaking *må* vera til stades i ein aksjonsforskingssprosess (ibid.: 6). AF vert såleis den meinings- og løysingsskapande dynamikk som kan oppstå i samansmeltinga av desse elementa; forskaren og dei lokale/involverte deltek og medverkar saman i heile prosessen frå problemdefinisjon, refleksjon, aksjon, og eventuell ny refleksjon.

For å lukkast med å oppnå auka medvit om eigne påverknads- og understrekast det viktige i at relasjonen mellom forskar utanfrå og lokal deltakar er symmetrisk. Aksjonsforskarer søker medvite å nøytralisera eventuelle predefinerte sosiale og kulturelle maktrelasjonar. Slik er målet å nærma seg det Habermas i sin kritiske teori kalla *den ideelle ytringssituasjonen*; den situasjon der alle deltakarar får høve til å ytra seg, og alle syn fritt kan ytrast (Somekh 2006:12). Greenwood og Levin (1998) kallar dette å *samskapa* (“to cogenerate”). Det å saman – både lokalbefolkning og forskar(ar) som kjem inn utanfrå – definera, tolka og skapa både problemdefinisjonar, oppgåver og løysingar, utgjer kjernen i aksjonsforskingssmetoden.

Samspelet er det verkeleg dynamiske elementet og drivkrafta. Forskingskunnskap overførast mellom forskaren og dei lokale, medan lokal kunnskap overførast andre vegen. Den/dei lokale vert såleis “medforskarar”, medan forskaren som kjem utanfrå, får tilført mykje lokalkunnskap. Dette er komplementære og likeverdige kunnskapsuttrykk i prosessen. Eit grunnleggjande trekk ved AF er *avvisinga* av “ekspertkunnskapen” som hegemonisk og/eller meir “verd” enn folkekunnskapen. Dette er ulike *typar* kunnskapar, og dei har *båe* verdi.

Mangfald er ei sjølvstendig målsetjing i ein AF-prosess (ibid.: 121). Verda er alt for kompleks til at *ei* røyst kan gjevast rom for å dominera over andre røyster. Forskaren skal vera ein deltakar, utifrå sine føresetnader – i utviklingsprosessar – ikkje den som avgjer korleis desse skal utviklast og utarta seg.

Forskaren vert her “the friendly outsider” (ibid.); den som kjem utanfrå – gjerne med både erfaring, idear, kompetanse og nettverk, og stiller seg i det lokale si teneste. Det siste er viktig å understreka; dei lokale er kjerneaktørane i ein AF-prosess. Prosessen er *deira*, og har som mål å gje *dei* større styringsrett og -makt over eiga framtid. Aksjonsforskningsprosessen er såleis ein “frigjeringsprosess”; der målet alltid vil vera å auka både fridom og medverknadsrett. Metoden er skapt for å hanskast med, og eventuelt løysa, lokale problem. Dei lokale har eigedomsrett til prosessen, og berre problemdefinisjonar og -løysingar som dei lokale kan stå ved, vil såleis vera levedyktige.

Samstundes vil det for aksjonsforskaren liggja *eit grunnleggjande etisk og sosialt engasjement* bak, hevdar Greenwood og Levin. Her får dei støtte av Somekh (2006:7), som seier at AF er “research that is politically informed and personally engaged”. Aksjonsforskaren søkjer å *endra*; han/ho søkjer å gjera tilhøva, levekåra, og såleis framtida, *betre* for lokale menneske. AF opnar såleis for å gjera vitskapleg kompetanse direkte relevant i lokal utvikling og kampen for sosial rettferd (ibid.).

Denne tilnærminga til samskaping og kunnskapsproduksjon er såleis særst relevant også i høve arbeid med lokal mobilisering og samfunnsutvikling i distrikts-Noreg.

## Utviklingsrelevante norske bidrag

### Kommunikativ planlegging

Påverknaden frå den internasjonale aksjonsforskingstradisjonen er spesielt tydeleg innanfor *kommunikativ planlegging* (Amdam 2003, 2006, Amdam og Amdam 2000), der dialog, synleggjering av handlingsrom og samskaping er sentrale berebjelkar. Denne strategien er utvikla rundt forskingsmiljøet i Volda (Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda), og baserer seg på mange års teoretisk og strategisk arbeid. Jørgen og Roar Amdam har leia dette arbeidet.

Høgskulen i Volda tilbyr i dag Master-program i *Samfunnsplanlegging og leiing*<sup>1</sup> der kommunikative planleggingsprinsipp utgjer viktige delar av pensum.

Kommunikativ planlegging er eit fagfelt, men og ein konkret modell for lokalt/regionalt tiltaksarbeid og mobilisering. Målsetjinga er både å produsera framtidsbilete og å kunna skapa/realisera desse gjennom aktive kommunikative samhandlings og planleggingsprosessar. Samtalar, gruppe- og folkemøte er svært aktuelle verktøy. Metoden er ”open-ended”, ved at resultatet aldri kan føreseiast, men også potensielt kumulativ ved at ei satsing som i utgangspunktet startar opp som eit lite prosjekt med få deltakarar heile tida kan utvidast og byggjast ut gjennom prosessen.

Ein kommunikativ planleggings- og mobiliseringsprosess kan ha følgjande element (Amdam 2006):

---

<sup>1</sup> <http://hivolda.studiehandbok.no/hivolda2/content/view/full/13996> Sist vitja 07.12.09

1. *Disseminasjon av kunnskap.* Det å spreia kunnskap om dei utfordringar og moglegheiter som karakteriserer dagens situasjon representerer gjerne starten på mobiliseringsarbeidet. Denne kunnskapen er avgjerande for utvikling av mål og visjonar. For å nå ut til sentrale aktørar både innerter og utetter er det sær s viktig med ein brei og open debatt.
2. *Fakta må etablerast.* Kunnskapsspreiing skal leia fram til semje om fakta. Det er avgjerande for prosessen at deltakarane har ei nokolunde felles forståing av kva dei sentrale utfordringane er.
3. *Det må etablerast felles visjonar og mål for prosessen.* Dette handlar om å semjast om kvar ein vil, det ein søker å oppnå, med mobiliseringsarbeidet.
4. *Etablering av strategiar.* Neste steg er omsetjinga av mål og visjonar til konkrete strategiar. Kva rollar skal dei ulike aktørane i prosessen spela, og korleis skal samhandlinga mellom aktørane organiserast?
5. *Prioritering av handling.* Det kjem fram mange forslag til aktivitetar og handlingar gjennom ein mobiliseringsprosess, og det er naudsynt med tydelege val og prioriteringar mellom desse. Kva tiltak er moglege å gjennomføra utifrå dei ressursar ein har til rådvelde? Kva tiltak er det mogleg å finna finansiering til?
6. *Evaluering og læring.* Dette er ein sær s viktig del av prosessen og handlar om å få fram både det me har lukkast med og, ikkje minst, det me ikkje har lukkast med i mobiliseringsarbeidet. Ein open diskusjon her er avgjerande for bygging av tillit mellom aktørane og for moglegheitene til forbetring i neste runde.

Kommunikativ planlegging er nytta ved ei rekke høve både innanfor stad- og organisasjonsutvikling. Ein har difor mange erfaringar med bruk av verktøyet, og kan og seia noko om kva som skal til for å lukkast. Her er nokre viktige erfaringar (Amdam 2003, 2006):

- Planlegging er ein evigvarande prosess, som likevel – for å kunna gjennomførast – ofte må organiserast som prosjekt frå tema til tema.
- Sentrale aktørar i lokalsamfunnet – som t.d. ordførar – må engasjera seg i prosessen for at denne skal utvikla momentum og gjennomslagskraft. I kommunar som mislukkast ser ein ofte at sentrale offentlege aktørar har vore fråverande.
- Brei deltaking er naudsynt for at prosessen skal lukkast med å utvikla ny kollektiv identitet og eigarskap til strategiar og mål.
- Kommunar og stader som har erfaring med endogene utviklingsprosessar (utvikling nedanfrå og opp) og kultur for å gripa fatt i eigne utfordringar har langt større føresetnader for å lukkast enn stader der initiativ ofte må koma utanfrå eller eventuelt ”pressast” på innbyggjarane frå kommuneadministrasjonen.

Kultur for og ønskje om breitt lokalt samarbeid er såleis svært viktig for at kommunikativ planlegging skal kunna fungera som mobiliseringsstrategi. I det følgjande skal me sjå på ei noko anna tilnærming til temaet prioritering. I innlevingsøkonomien er det eldsjela og det individuelle engasjementet som utgjer den sentrale mobiliseringsbasisen.

## **Innlevingsøkonomi: om å gje eldsjela rom**

Me har vore innom dei utfordringar som eksisterer når det gjeld å oppretthalda eit engasjement for eit tema over tid. Det å anten føla at saka ikkje vedkjem ein sjølv lenger eller eventuelt gå lei og difor bli ”demobilisert”, er alltid farar som knyttar seg til mobiliseringsprosessar. Finst det måtar å unngå slike farar på? *Innlevingsøkonomi* (Lønning 2007, 2009) handlar om engasjement og om rom for å sleppa til.<sup>2</sup> Framfor å freista å trekkja halvinteresserte menneske med i utviklingsprosessar, prøver ein i staden å gjera utviklingsprosessen så open at den kan ta opp i seg og gjera seg nytte av det enkeltmennesket og/eller organisasjonen faktisk *ønskjer* å arbeida med.

Menneske har ulike verdiar, interesser og tilnæringsmåtar til stad og region. Me engasjerer oss ulikt og me brenn for ulikt. Samtidig er det i det me brenn for me legg att mest av oss sjølve. Det er dette me kjenner at me kan og som me ønskjer å bruka tida vår på. Får me rom til å engasjera oss i det me trur på og brenn for, opplever me og livssituasjonen som kvalitet. Det er dei forteljingar om staden me sjølve identifiserer oss med som er dei ekte og autentiske (Nyeng 2003, Sartre 2004, Pirsig 1992, 1997).

Når eldsjela brenn kan det skje store ting på og rundt stad og lokalsamfunn (jmf. Stokke, Gundersen, Vindenes og Sørli 2008). Innleving handlar nettopp om å brenna for noko; om deltaking og engasjement, om å gjera staden til eins eigen og ein sjølv til del av staden. Å leva seg inn i noko er å koma tett på. Det er ein relasjon som alltid vil vera individuell. Samtidig kan det opnast opp for og så langt som råd leggjust til rette for at denne spesielle relasjonen mellom menneske og omgivnader kan oppstå.

*Innlevingsøkonomi* er å leggja tilhøva mest mogleg til rette for eldsjeler og kvalitetsinnleving i stad og landskap; det er å utnytta det personlege engasjementet som verdiskapande kraft med potensielle positive ringverknader for både stad og region. Innleving er ein tett, nær og direkte relasjon mellom mennesket og omgivnadene. Denne relasjonen er prosessuell, skapande, vedvarande og heile tida i endring. Innlevingsøkonomi som utviklingsstrategi dreier seg såleis om å opna opp for og leggja til rette for at denne typen nærleik heile tida får rom til å utvikla seg.

All mobilisering handlar om eit tema. I høve lokalsamfunnsutvikling vil det og vera prioriterte satsingsfelt og verkeområde ein ønskjer å fremja. Som mobiliseringsstrategi i slike situasjonar vil innlevingsøkonomi vera kanalisering av verkemidlar inn mot spesielle satsingsfelt og -tema, men likevel gje stor fridom til korleis temaet skal oppfattast og utviklast. Målsetjinga er breiast mogleg inkludering av deltakarar med ulike idear og perspektiv på temaet som skal utviklast. Det må opnast opp for at ressursane kan tolkast og nyttast på nye og gjerne ”uventar” måtar i tråd med deltakarane sine eigne interesser og verdiar. Nokre ser kan hende nye produkt i det lokale ressursgrunnlaget,<sup>3</sup> andre ønskjer å bruka det i skulen eller som basis for

---

<sup>2</sup> Innlevingsøkonomi er ei vidareutvikling av den kulturøkonomiske stadutviklingsstrategien. Denne er omhandla i kunnskapsstudien for stadutvikling.

<sup>3</sup> Satsinga på Telemarkskua som regionalt symbol i Telemark utvikla seg på denne måten (Kåsene 2005a, 2005b, Lønning 2006, 2007): Produktutvikling skjedde m.a. gjennom etablering av eige meieri og utvikling av eigen is, det vart halde ei stor regional 150-årsmarkering for rasen i 2006 m.a. med arrangement av den internasjonale utstillinga Cow Parade. Utover dette tok skulane i bruk forteljingane om rasen i undervisninga,

ny identitetsutvikling. Slik utviklar ein ressursen vidare som eit stadleg fellesgode; ein gjer alle deltakarar ei kjensle av identifikasjon og eigarskap, samstundes som kvar og ein også opplever at dei handlar utifrå eige engasjement.

Dette er samskaping i nettverk (Castells 2004). Det klassiske dømet er utvikling av fri programvare over internett; kvar og ein av dei som er med og utviklar programvare gjer dette også fordi ein sjølv kan ta denne i bruk for å fremja egne interesser og prosjekt. Samtidig skaper ein verdiar for veldig mange andre menneske (Lessig 2002, 2004). Den individuelle fridomen er intakt, men ein byggjer og fellesskap og fellesverdiar. Innlevingsøkonomi er å nytta dei same mekanismane som basis i lokal mobilisering (Lønning 2009).

Nyskaparen kan ofte oppfattast som å gå sine egne vegar (Lønning 2007), men det er på desse ugåtte stiane det nye og komande er å finna. Det er mange døme i distrikts-Noreg på at den lokale "galning" eller "lause kanon på dekk" også er den som kjem fram med den verkelege gode utviklingsideen. Innlevingsøkonomi er å la nyskaparen vera nyskapar men likevel leggja til rette for at dei verdiar han eller ho skaper skal kunna byggjast vidare på av fleire (Ibid.).

### **Fasar i ein mobiliseringsprosess**

Uavhengig av val av metodikk, er det knytt store utfordringar til det å lukkast med å trekkja mange menneske med i lokalt utviklingsarbeid. Over drøfta me dei utfordringar individualistiske strøymingar utgjer. Mennesket i dag stiller klare krav om å få noko att, om å bli teken på alvor og høyrte. Utan denne kjensla av å få noko att, vil deltakaren fort kunna gå lei og/eller venda engasjementet i ei anna og det ein kanskje opplever som meir produktiv retning.

Yttredal (2006:24) understrekar denne potensielle fallgruva, og hevdar at det "[å] legge opp til deltaking utan at den er reell, kan gi endå sterkare motreaksjonar enn ved ikkje å inkludere tilsette i endringsprosessen". Med andre ord; maktar ein ikkje eller har ein ikkje til hensikt å gje deltakarar reell innverknad, er det like greitt å kansellera heile mobiliseringsprosessen!

Lysø, Carlsson, Karlsen og Fosse (2003) argumenterer også for at involverte aktørar må ha kjensle av reell medverknad for at eit lokalutviklingsprosjekt skal lukkast. Ein annan kritisk suksessfaktor er prosess- og fagkompetanse. Eit vellukka prosjekt veks fram som samhandling mellom reelt medverkande aktørar og ulike typar relevant kompetanse.

Eit typisk utviklingsprosjekt har følgjande fasar, held forfattarane fram (ibid:31)

- *Bevisstgjøring og motiveringsfase, der behov, verdier settes i fokus*
- *Startfasen, dvs. valg og anvendelse av ulike arbeidsmetoder*
- *Organiserings- og prosessutformingsfase som går på systematisk og planmessig arenabygging, rekruttering av deltakere, medvirkning, dialog og samarbeid*
- *Resignasjonsfase – demobilisering. Erfaringer tilsier at fasen før eller senere vil inntreffe. Tidspunkt og varighet vil variere.*

---

historielaga fokuserte på kua, Telemark sin eigen racerbilsjåfør hadde bilete av kua på panseret, hotell og gjestegardar ønskte å ha kua på beite i eige landskap, m.m. Alle aktørar hadde egne interesser knytt til bruken, men resultatet vart også at fellesverdien av kua som regionalt symbol for regionen auka.



- *Remobilisering, dvs. formalisering av nødvendig samarbeid, instituering av funksjonell arbeidsdeling og rutinisering av systematisk dialog som er nødvendig for "å blåse liv" i prosessen og gjøre den selvbærende.*

Studien peikar spesielt på den siste fasen her som avgjerande. Skal eit prosjekt lukkast må ein tidleg vera i stand til å fanga opp eventuell frustrasjon og/eller demobiliseringstendensar. Remobiliseringsfasen må såleis starta til rett tid (ibid.).

Dette er også understreka av Yttredal (2006), som syner til at ulike interesser og verdiar blant deltakarar i ein mobiliseringsprosess heile tida har potensial i seg til å velta denne. Slike utfordringar må takast på alvor og heile tida fokuserast gjennom mobiliseringsprosessen:

*Våre erfaringar med utviklingsarbeid tilseier at ein må arbeide med mobiliseringa under heile perioden dersom ein ønskjer å påverke dei grunnleggande verdiane og skape motivasjon til endring (Ibid:16).*

Ein vidare potensiell vanske er knytt til berekraft; det å få eit tiltak eller ei satsing til å vedvara utover sjølve mobiliseringsprosessen. Alle som har vore involvert i lokalt tiltaksarbeid kjenner til denne utfordringa. Det finst nok og mange døme rundt i norske kommunar og regionar på prosjekt der levetida har vore meir eller mindre fullstendig samanfallande med pengestraumen ..

Litteraturen er meir eller mindre samstemt på dette feltet; berre gjennom å knyta prosjektsatsingar til interesserte og engasjerte krefter i lokalsamfunnet kan ein sikra vidareføring. Eldsjela kan definerast som bortimot avgjerande for positiv utvikling på mindre stader. I mobiliseringsprosessar vil eldsjela sitt engasjement vera ei svært viktig drivkraft. Som bolken om innlevingsøkonomi synte, er denne drivkrafta så sterk at den faktisk kan utgjera ein basis i lokal utvikling.

Den kommune som er så heldig å ha ei eldsjel i ein sentral posisjon har ei stor føremon når det gjeld å skapa berekraftige strukturar. Dette poenget vert understreka av Kvidal og Nygaard (2009) som syner korleis ordføraren i Lebesby kommune sitt sterke engasjement for positivitet etter kvart smittar over på kommunen sine innbyggjarar og produserer kjedeeffektar.

Stokke, Gundersen, Sørli og Vindenes (2008) syner korleis det å gje eldsjela rom har snudd utviklinga på vesle Lovund i Nordland frå fråflytting og negativitet til næringsvekst, tilflytting og optimisme. Det same rommet for engasjement har også vore dyrka fram i Fyresdal (Lønning 2007, 2008), og har gjort denne vesle Telemarkskommunen til ein vinnar både når det gjeld demografisk og økonomisk utvikling.

Til sjuande og sist handlar mobilisering i vår tid om engasjement og medverknad. Her ligg kimen til vidareføring og berekraft, slik Glosvik (2002) understrekar i evalueringa av bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane:

*Det syner seg vanskeleg å halde oppe engasjement og aktivitet over lang tid i BU-programmet, men dersom ein lukkast i å knyte eit mindre tal personar til eit utval idear, tiltak eller satsingar, så lever det vidare (Ibid:11).*

## **Oppsummering**

Kollektiv mobilisering for positiv endring er ein lang internasjonal tradisjon. Sentralt i denne tradisjonen er det å løfta dei tause og/eller undertrykte gjennom kollektive dialogiske strategiar som søker å synleggjera handlingsrom og byggja sjølv- og ansvarskjensle.

Individualiseringa av samfunnet utfordrar likevel denne kollektive forståinga og tilnærminga. Synleggjering av handlingsrom og fokus på det ansvar me alle har som menneske for vår eiga framtid er knappast mindre viktig i dag, men skal mobilisering lukkast i vår tid må individet likevel gjevast reell kjensle av med- og innverknad.

Endringar skjer raskt i dag, og trendane avløyser kvarandre med aukande frekvens. Samtidsmennesket har eit vell av tilbod og interessefelt å velja mellom. Dette gjer at det å halda oppe interesse på eit bestemt felt kan vera utfordrande. I ein mobiliseringsfase er faren for demobilisering alltid til stades. Mobilisering må difor vera ein vedvarande prosess.

Mobilisering er ikkje primært eit spørsmål om kvantitet. Det er ikkje talet på deltakarar som er avgjerande, men at dei som faktisk ynskjer å vera med opplever å bli høyrt og får tom til å nytta eigne interesser, engasjement og verdiar i den vidare utviklinga av prosjekt og satsingsfelt.

## **Referansar**

Amdam, Jørgen 2006: *Communicative planning in rural areas*. Høgskulen i Volda / Møreforskning Volda: Notat 11/2006.

[http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/notat11\\_06.pdf](http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/notat11_06.pdf)

Amdam, Jørgen 2003: *Public Participation in Local Planning – Communicative Planning on Women's Conditions in six Communes in Norway*. Høgskulen i Volda / Møreforskning Volda: Notat 11/2003. <http://www.hivolda.no/attachments/site/group15/notat11-03.pdf>

Amdam, Jørgen og Geir Tangen 2006: *Kva kunnskapsbehov har småsamfunn? Kartlegging av lokale forskings- og utviklingsbehov*. Høgskulen i Volda / Møreforskning Volda: Arbeidsrapport nr. 200.

[http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb\\_200.pdf](http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb_200.pdf)

Amdam, Jørgen og Roar Amdam 2000: *Kommunikativ planlegging*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Bauman, Zygmunt, 2000a: *Savnet Fellesskap*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Bauman, Zygmunt, 2000b: *Liquid Modernity*. Polity Press.

Baumann, Zygmunt, 2001: *The Individualized Society*. Polity Press.

Castells, Manuel, 2004: Informationalism, networks, and the network society: a theoretical blueprint. In Manuel Castells (ed.): *The Network Society. A Cross-cultural Perspective*. Cheltenham, UK and Northampton, USA: Edward Elgar.

Craig, Gary, Keith Popple and Mae Shaw 2008: *Community development in Theory and Practice. An International Reader*. Nottingham: Spokesman.

Freire, Paulo 2002: *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Glosvik, Øyvind 2002: "Levande bygdeutvikling?" Ein studie av bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder. Høgskulen i Sogn og Fjordane R-Nr 4/2002. <http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=r02012972&kid=forskpub>

Greenwood, Davydd J and Morten Levin, 1998: *Introduction to Action Research. Social Research for Social Change*. Thousand Oaks, London and New Delhi: Sage Publications.

Kommunal og regionaldepartementet 2009: *Stortingsmelding 25 (2008 – 2009). Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. <http://www.regjeringen.no/pages/2175012/PDFS/STM200820090025000DDDPDFS.pdf>

Kåsene, Anne-Guri, 2005a: *Telemark som merkevare. Merkevarebygging med grunnlag i regionale og lokale ressursar*. Telemarksforskning-Bø, Rapport 221. [http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r\\_ID=1072&merket=5](http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=1072&merket=5)

Kåsene, Anne-Guri, 2005b: *Telemarkskyri Meieri AS – Forretningsplan. Hovudutfordringar og regionale effektar av å satse på stadeigen ferase som grunnlag for meieriproduksjon i Fyresdal*. Telemarksforskning-Bø, Rapport 223. [http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r\\_ID=1086&merket=5](http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=1086&merket=5)

Kvidal, Trine og Vigdis Nygaard 2009: *Sosiokulturelle spenninger. Stedsidentitet i fire nordnorske kommuner*. Norut Alta Rapport 2009:1. [http://www.finnmark.norut.no/norut\\_alta\\_lt/publikasjoner/rapporter/sosiokulturelle\\_spenninger\\_stedsidentitet\\_i\\_fire\\_nordnorske\\_kommuner](http://www.finnmark.norut.no/norut_alta_lt/publikasjoner/rapporter/sosiokulturelle_spenninger_stedsidentitet_i_fire_nordnorske_kommuner)

Ledwith, Margaret 2005: *Community development. A critical approach*. Bristol: The Policy Press.

Lessig, Lawrence, 2002: *The Future of Ideas. The Fate of the Commons in a Connected World*. New York: Vintage Books.

Lessig, Lawrence, 2004: *Free Culture: How Big Media Uses Technology and the Law to Lock Down Culture and Control Creativity*. New York: The Penguin Press.

Lysø, Roald, Espen Carlsson, James Karlsen og Jens Kristian Fosse 2003: *Følgeevaluering av programmet Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene. Midtveisrapport 2003*. Nord-Trøndelagsforskning/Agderforskning Prosjektrapport 42/2003. [http://generator.firmanett.no/t/tforsk/doc/Ra\\_4\\_05\\_2.pdf](http://generator.firmanett.no/t/tforsk/doc/Ra_4_05_2.pdf)

Lønning, Dag Jørund 2006: Den postmoderne kua! I Jan Kjær: *Telemarkskua – bondens lykke, kongens gull*. Gjøvik: Alfa Forlag.

Lønning, Dag Jørund 2007: *Fridomen til å skapa. Alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling*. Universitetet for miljø- og biovitenskap, Dr. Philos. Thesis 2007:1.

Lønning, Dag Jørund 2008: Frå permanens til endring. Ein alternativ bygdeutviklingsmodell med utgangspunkt i Heraklit sine 2500 år gamle tankar. I Almås, Reidar, Marit Haugen, Mariann Villa og Johan Fredrik Rye (red.): *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir Akademisk forlag.

Lønning, Dag Jørund 2009: *Ringar i vatnet. Innlevingsøkonomi og lokal utvikling i det kulturelle Hamsunlandskapet Hamarøy*. Bokbyen Hamarøy: Segelfoss forlag. Kan tingast frå: [post@bokbyen-hamaroy.com](mailto:post@bokbyen-hamaroy.com)

Nordland, Eva 2002: Paulo Freire – pedagogikk for medmenneskelighet og samfunnsendring. I Paulo Freire 2002: *De undertryktes pedagogikk*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.

Nyeng, Frode, 2003: *Eksistensens filosofi. Om frihet, angst og mening i eget liv*. Abstrakt Forlag AS.

Pirsig, Robert, 1997: *Zen og kunsten å vedlikeholde en motorsykel. En undersøkelse av verdier*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Pirsig, Robert, 1992: *LILA. An Inquiry into Morals*. New York: Bantam Books.

Sartre, Jean Paul, 2004: *Eksistensialisme er humanisme*. Cappelens upopulære skrifter.

Somekh, Bridget, 2006: *Action Research: a Methodology for Change and Development*. Open University Press.

Stokke, Knut Bjørn, Frants Gundersen, Kjetil Sørli og Erling Vindenes 2008: *Sted og næringsutvikling på Lovund – fra krise til suksess*. NIBR-rapport 2008:5.  
<http://www.nibr.no/uploads/publications/36f9cdd767e5bafc3b3a2c3aefc2bfec.pdf>

Thompson, Neil 2007: *Power and empowerment*. Russel House Publishing.

Vestby, Guri Mette 2009: *Stedsutvikling i Eidfjord – en sosiokulturell stedsanalyse*. NIBR Rapport 2009:22.  
<http://www.nibr.no/uploads/publications/05d8fd29ea752e1c31dfd59dbcd5315a.pdf>